

Årsmelding Radøy Damekor 2015

11.02.16

Me har hatt 15 øvinger i vår, og 17 i haust.

17 medlemmer vår og 19 i haust.

Året starta med nyttårskonsert i Knarvik Kyrkje 11.1.

I slutten av januar var delar av koret med på 250 års jubileums konsert med Bergen Filharmoniske Orkester.

Med konsert 29 og 30 januar.

Dette var flotte konserter og ei god oppleving for dei som var med.

12.2.15 hadde me årsmøte. Der vart det valgt inn nye medlemmer til styret. Og representanter som skulle

sendes til årsmøte i Hordaland Korforbund. Dei som reiste var Berit og Kristin.

Me måtte finna nokon til å fylla posten som Elin hadde hatt i mange år som leiar då ho ikkje ville ha dette vervet lenger.

Hilde takka og for seg etter fleire år i styret og som kasserer.

Me i styret brukte ei stund på å finna ut korleis styret skulle konstituerast, men 11.3 hadde me kome fram til ei løysing.

Det nye styret såg slik ut. Karen: leiar, Gry Kjersti: nestleiar, Berit:skrivar, Kristin er vo ansvarlig,

Geirunn:styremedlem og vara-Ingrid og Anne Karin.

William tok på seg arbeidet som kasserer i tillegg til å vera vår faste pianist.

Jurate er framleis vår eminente dirigent.

Noteuvalget dette året har vore Jurate, Berit, Kristin og Anne Karin.

Roy Thomassen har vore revisor.

April/Mai deltok me på 2 konfirmantgudtenester på Sæbø og 2 på Hordabø.

21.mai song me på vigselssong gudteneste i Manger Kyrkje.

31.mai deltok heile koret som forsangere på gudsteneste. Etter gudtenesta hadde me ei utvida øving.

6/6 og 7/6 hadde me konsertar saman med eit kor frå Åsane, Cantus Sorarum under konsert namnet "No Livnar det i lundar". Det var eit program som låg vekt på norske tekstar og toner.

Det var eit heller skuffande publikums fram møte på begge desse men det var flest fram møtte på vår.

Før konserten i Manger Kyrkje hadde me vår faste intimkonsert på Velferdsenteret

25-28 juni reiste delar av koret til Riga der hadde me nokre travle dagar med tett program under Nordisk Baltisk Korfestival. Me reiste saman med koret Feiekostane og hadde ein del trivelige aktiviteter saman med dei, bla ein treretters middag på ein annerkjent restaurant som heiter "3 kokker" på norsk.

Etter dette tok koret sommarferie.

Tidlig i august starta oppatt med øvinger, og 3. sep. deltok me på den årlege kyrkjebasaren. (14 medl deltok)

Me hadde vorte enig i at me denne hausten skulle prøva å få nye medlemmer då eit par hadde falt ut og det

var litt glissent i rekkene. Me prøvde på nytt med ein vervekampanje og sto klar med nytt repertoar med songar frå 60' tallet og mat i lange baner den 10.sep. Denne kvelden kom det 4 interessenter, men beklageligvis vart ingen værande. Me fekk allikevel nye medlemmer då to tidlegare medlemmer byrja attende.

31 okt hadde me heildagsøving.

Me deltok på allehelgensgudtenesta 1.nov.

Me song på Mental helse sitt julebord 8. des. på Hella Skulestove.

13 des. skulle me delta på Julekonsert i regi av Radøy Musikkråd og Soknerådet i Sæbø kyrkje, då var det like greitt å nytta høvet til å ta ein liten Julekonsert for brukarane på Velferdsenteret. Noko som alltid vert satt pris på.

Denne gongen, likt som andre gonger, var pianoet surt og fælt. Så me utfordra oss sjølv til å prøva å skaffa dei eit nytt eit.

Denne hausten har vore noko spesiell då me ikkje har kunna hatt øvingane i Manger Kyrkje slik vi pleier.

Me prøvde i starten å bytte på å øve i Hordabø og Sæbø, men pga økonomi/oppvarming må me øve i Sæbø fram til Kyrkja på Manger er åpen for bruk. Dette har sikkert vore litt utfordrande, med lenger reisevei og kanskje nokre forseintkommingar og plutselige omrokkingar, men det har gått ganske bra.

Koret har til tider fått musikalsk hjelp frå Irmantas Norkus i form av toner på trompet, noko som løfter eit kvart arrangement. Og som me set stor pris på.

-Styret Radøy Damekor.

Karen Magrete Lemke, leiar

Gry Kjersti Berit
- nestleiar -